

100 år med båtbyggjarhistorie



FØREDRAG: Lars Nerhus skal halda føredrag om båtbygging i Ølve på søndag, og fortelja om dei tre generasjonane før han, som bygde båtar på Nerhus.

Fyrstkomande søndag kan ein koma tett på livet på båtbyggjarstaden Øyra, og læra om korleis dei bygde båtar for over 150 år sidan.

Staden Nerhus i Ølve har lange tradisjonar innan båtbygging. Noverande eigar av eitt av dei tildeigare verfta, Lars Nerhus, skal som ein del av arrangementet på søndag fortelja om historia til slektsstaden.

– Det var oldefar min, Ola H. Nerhus, som starta med båtbygging her, i 1863. Han bygde mange båtar, deriblant hardangerjakta «Mathilde». Han reiste og rundt i distriket og bygde båtar, og var mykje på Tysnes, fortel Nerhus, som har teke godt vare på arven etter forfedrane.

Fyrste offentlege utstilling

Gjennom fleire tiår har familien Nerhus samla på og kategorisert verktøy og båtmodellar

og anna, frå den tida då det var stor båtbyggjeaktivitet i fjæra på Nerhus. Alt som ein kan sjå av bilete og modellar på utstillinga neste helg, er til vanleg å finna heime i stova til Lars Nerhus. Dette er fyrste gong utstillinga er ope for alle.

– Me hadde same utstilling her for eit par månader sidan, for eit lukka arrangement. Då tok me ned att utstillinga etterpå, fortel Eva Røyrane, leiar i kulturvernmaði i Ølve bygdelag, som står som arrangør for båtbyggjedagen på søndag.

Stiftinga Kystsogevekene tok deretter kontakt for å høyrja om ikkje dei kunne arrangera noko på Nerhus under Kystsogevekene.

– Kulturkontoret i Kvinnherad ynskte og at me skulle ha noko her, så då gjekk me med på det, seier Røyrane med eit smil.

Prisvinnande båtmodellar

På eigedommen til Lars Nerhus

står det att to bygningar frå båtbygginga, som vert kalla «skuret», eller arbeidshuset, og «saga». På nabogarden, som og dreiv med båtbygging – og som òg opnar dorane på søndag – har dei dessutan ei smie, som folk kan sjå seg rundt i.

I saga kan ein sjå mykje av det utstyret som vart nytta av båtbyggjarane på Nerhus før i tida. Lars Nerhus fortel at mykje av det dei har, var kategorisert på 80-talet, då faren framleis var i live og kunne fortelja kva ting vart nytta til.

– Me fekk ikkje straumher i Ølve før i 1952, så det vart nytta mykje handverktøy. Øksa var ofte den viktigaste reiskapen, seier Nerhus.

I bygget ved siden av, i skuret, finn ein mange gamle fotografi og båtmodellar.

– Dei laga ikkje båtane etter teikningar den gongen, men etter modellar, forklarar Nerhus.

Båtbyggjarane på Nerhus utmerkte seg på det feltet, og

både oldefaren og bestefaren fekk prisar for modellane sine på utstillingar i Noreg og i utlandet. Desse modellane kan ein sjå viss ein vitjar Øyra på søndag.

Eit program for alle aldrar

Båtbygging var ein stor industri i Kvinnherad i vel 100 år, og gav jobb til mange. På begge Nerhus-verfta jobba det om lag 30 personar til saman når det var mykje aktivitet, fortel Nerhus.

Og aktivitetet var det ein del av. Det var bygd mange

båtar på Nerhus mellom 1850 og 1960. Men vil du vita meir detaljar, lyt du ta turen til Ølve på søndag. Då skal nemleg Nerhus halda føredrag om båtbygging i Ølve.

Ei veke før utstillinga er det igjen mykje aktivitet på båtbyggjarstaden. Frå Kulturvernmaði er Eva Røyrane, Rita Martens Meyer og Njål Vidar Traavik på plass, for å hjelpe til med å legga siste hand på verket.

Dei målar skilt og gjer alt klart for det dei vonar blir mange gjester.

– Eg trur dette er noko som kan vera kjekt for både besteforeldre, og små born. Så eg håpar det kjem familiar med folk i alle aldrar, seier Eva Røyrane.

Ho fortel at dei har tenkt å ha eit båtbyggjeri for småbåtar, som born kan laga, og eit lite basseng som dei kan segla dei i. Elles vert det sal av kaffi, vaflar og pølser, til grilling på bålet.

Og viss vårgudane er med dei, kjem Oddvar Meland, frå Tysnes Kystlag, med ein gavlabåt eller to.

– Det er for å ta born med ut på rotur på sjøen. Men det er vêret som avgjer om akkurat dét blir noko av, seier Oddvar Meland.

RANDI KLEPPE
randi@lysnesbladet.no



PREMIERTE: Modellane til oldefaren til Lars Nerhus vart premierte på mellom anna ei utstilling i Stockholm.



SKURET: På berget framføre skuret på Nerhus har det blitt bygd mange båtar opp gjennom tidene.



DUGNAD: Ei veke før utstillinga, var grunneigar og medlemmar frå kulturvernnda i Ølve bygdelag på plass for å gjera alt klart. F.v. Njål Vidar Traavik, Rita Martens Meyer, Eva Røyrane og grunneigar Lars Nerhus.



SAGA: Inne i saga er det mykje historie i veggane.



HEILT TOPP: Gunnar Engevik (i midten) i Bris skrytte over stemninga i Tysneshallen på Dansegallaen i fjor. (Arkivfoto)

I full swing med Dansegallaen

Laurdag skal alt vera klart til dansebandkvelden, som blir arrangert i Tysneshallen for 13. gong.

– Det som skal gjera best på førehand er klarert, men dei siste dagane blir det mykje jobbing og førebuing, fortel Petter Epland.

Han er primus motor for seinsommaren sin store happening, saman med

resten av Tysnes Musikkklag og Tysnes skulekorps.

– Me skal mellom anna køyra bort bord og stolar, og bygga scenen, forklarar Epland.

Nytt band

Til Dansegallaen kjem tradisjon tru to band. Det eine er Bris som har vore med ein del år, og det andre bandet heiter Mona-Jill band,

som er eitt nytt band frå Oldedalen i Nordfjord.

– Me held på heile kvelden, så dei som har god kondis kan dansa i seksti timer, meir eller mindre non stop, seier Epland.

Nytt for i fjor var eit lyddempande teppe, slik at det er betre høve til å slå av ein prat i vrimlearealet i Tysneshallen, utan å bli forstyrra av musikken.

– Tidlegare har det vore litt vanskeleg i hallen med tanke på lyden, men no ordnar det seg. Dessutan er det god plass til å dansa, seier Epland.

– Kjem frå Sotra

Han vonar at mellom 300 og 400 personar vil finna vegen til Tysneshallen denne kvelden.

– Dei siste dagane byrjar folk å kjøpa billettar, men dei aller fleste kjøpar same dag, forklarar Epland.

– Kjem folk frå andre stadar enn Tysnes?

– Dei kjem i bubar og båtar frå bergensområder, og spesielt Sotra. Det går rykte om at dette er eit kjekt arrangement. Bubilcampen ligg også i kort avstand til Tysneshallen.

Dansegallaen blir marknadsført som ein del av Kystsogevekene.

KRISTINE NÆSS THORSEN
kristine@tysnesbladet.no

Drøymer om å få spela på Anfield

I helga deltok fem Njardar/Tysnes-spelarar på fotballskule i regi av Liverpool.

– Det var kjempegøy. Me lærte masse. Det var mykje skot på mål, og finting, fortel Jonas Hagen Lunde (12) ivrig.

Å vera på fotballskule med profesjonelle trenarar frå Liverpool International Football Academy var stor stas.

– Liverpool er favorittlaget mitt i Premier League, og det var kjekt å få vera med trenarane frå det laget eg liker, seier Jonas.

Bra opplegg

Mor Anita Hagen var ein av foreldra som reiste med til fotballskulen i Bergen.

Ho fortel om eit flott opplegg, som varte frå fredag til søndag. Vêret var ikkje det beste, men det stoppa ikkje tysnsgutane frå å ha det kjekt på fotballbanen.

– Dei koste seg veldig. Ungane blir godt teknike vare på, seier ho.

Fotballspelarane var i aksjon frå halv ti til tre, med innlagd fruktpause og lunsjpause.

– Det kostar litt når det er tre dagar, men det er vel verd pengane fortel Anita.

Jonas var med i fjor også, og i år var det fem guitar



SOLID INNSATS: Hans Martin Hansen (f.v.), Jonas Hagen Lunde, Jonas Siglevik Lunde, Alvin Siglevik Lunde, Nickolas Flatråker Siglevik viser nögd fram ball og diplom etter Liverpool-fotballskulen i Bergen. (Foto: Gunnar Hansen)

i ulik alder frå Njardar/Tysnes som var med på fotballskulen.

Liverpool-familie

– Heile familien er Liverpool-fan så det var ekstra stas for Jonas å få vera med, seier Anita. Samlinga blei avslutta med ein cup, der Jonas hamna i fokus på slutten.

– Eg scora dei to måla i finalen, fortel han stolt.

– Korleis kjendest det?

– Det var veldig gøy, seier han smilande.

Jonas er sentral midtbanespelar, og er glad i å vera på fotballbanen. Målet er å

komma på A-laget til Njardar/Tysnes om nokre år. Men draumen om Anfield ligg i bakhovudet på tysnesingen.

Meir fotball

– Det hadde vore kjempegøy å få spela på Anfield, men det er jo vanskeleg å få til, seier Jonas.

Men om Jonas får moglegheita til å vera med på Liverpool sin fotballskule neste sommar også, er han ikkje i tvil om kva han skal svara.

– Ja, det er veldig kjekt, så det har eg har lyst til, seier Jonas kjapt.

INGUNN GJÄRDE
Ingunn@tysnesbladet.no

SOMMERMØTER JENSVOLL BEDEHUS

Tid: 23 - 27. august
Taler: Magne Birkedal
Onsdag til fredag kl 19.00
Lørdag og søndag kl 18.00
Alle er hjertelig velkommen.

Misjonssambandet



Lokalavisa er best
for å annonser i
eit truverdig miljø.
Ta kontakt med
lokalavisa di i dag.



Lokalavisa er best
for å annonser i
eit truverdig
miljø. Ta kontakt
med lokalavisa di
i dag.



Vil du jobbe i lokalavis?

Her er ledig stilling:



vol.no
Vesterålen Online

søker 1-2 journalister
til Sortland

Les annonsene på
medier24.no/stilling



isamarbeid med

M24

Kystkultur-
tradisjon og utvikling...

**Kystsoge
vekene**

Fredag 18. august

Austevoll Kystsogedagar på Bekkjarvik **20-23**

Laurdag 19. august

Tysnes Dansegalla i Tysneshallen **20-01**

Os Kystsogedag ved Vedholmen **10-15**

Utstillingsopning Vedholmen Galleri **14-16**

Sundag 20. august

Kvinnherad Båtbyggjardag i Ølve **13-16**

Museumsdag på Rød Bygdetun **14-17**

Os Trollbundet av Ole Bull, Lysøen **1030-1610**

Sjå fullt program på

www.kystsogevekene.no

Stiftinga Kystsogevekene

www.kystsogevekene.no



TYSNES KOMMUNE INFORMERER

www.tysnes.kommune.no

KULTURSKULEN – LEDIGE ELEVPLASSAR

Kulturskulen har no ledige elevplassar på:

Grupper:

- Dans/barneballet (Torsdager) 4-15 år
- Aspirantopplæring til korps(messing)

Einskildeundervisning:

- Piano
- Messing(kornett-trompet-horn-baritone-trombone-eufonium-tuba)
- Song
- Slagverk
- Gitar

Info/Søknadsjema: tysnes.kommune.no
- kulturskule

Spørsmål/kontakt: yangve.nikolaisen@tysnesoppvekst.no
SMS: 468 15 697

Oppstart neste veke

OPNINGSTIDER FOR TYSNES FOLKEBIBLIOTEK FRÅ 21.08.17

Måndag : 10:00 - 18:00

Tysdag : 17:00 - 20:00

Onsdag: 12:00 - 20:00

Torsdag: 17:00 - 20:00

Frå 21.08 til 31.08 blir det kunstutstilling på biblioteket.
Alle som stiller ut er tysnesinger.

LEDIGE STILLINGAR

I Tysnes kommune er det ledig følgjande stillingar:

Tysnes sjukeheim, Uggdal:

Sjukepleiar, 66% natt

Helsefagarbeidar, 66%, natt, vikariat

Uggdal skule

Reinhaldar, 63,08%

Lærar, 68%, vikariat for skuleåret 17/18

Assistent, 50 %

For meir informasjon, sjå utlysing på
www.tysnes.kommune.no
Søknadsfrist 31.08.17

MØT SENTERPARTIET!



Parlamentarisk leiar i Senterpartiet, Marit Arnstad
og 1. og 2. kandidatane i Hordaland Kjersti Toppe
og Nils T. Bjørke kjem til Tysnes
måndag 21. august.

Møt dei og ta opp saker på Sp sin stand
i Våge kl. 1330 - 1400.

Tysnes Senterparti



DANSEGALLA

MONA-JILL BAND og BRIS



Laurdag 19. august kl. 20.00 i Tysneshallen

Buss: frå Hodnanes kl. 19.00 via Onarheim og Lunde.
Frå Økland (Flatråker) kl. 19.30 via Uggdal. Retur kl. 02.00.

Bill. kr. 350 - Bill.sal: Tysnes bl. & interiør /ved inng.- Bubilcamp
Sal av mat, øl og vin - Aldersgr. 18 år - Arr. Tysnes Musikklag



**Knut
redder liv**

Han trenger din hjelpe
for å gjøre jobben sin

For bare kr 6,50 per dag blir også du en livredder. **Bli fast giver i dag**
og send REDD LIV til 2366 (200 kr). Du kan også bli fast giver ved å
kontakte oss på postlørs.no eller telefon 06757. Sammen redder vi liv.

Redningsselskapet er en humanitær
organisasjon. Vi redder liv langs norske-
kysten i all slags vær - dag og natt.

RS.NO

125 ÅR
RS(+)
Trygghet på sjøen

**PRØV EI ANNONSE
DU OG!**

Tysnesbåt fekk 2. plass i NM

Båten Seira stakk av med ein flott andre plass under noregsmeisterskapet i Oselvær i helga. Svein, Åshild og Sindre Økland var på laget som fekk andre plass.

Båtlaget Njord/Tysnes stilte med fleire båtar under konkurransen, som i år vart arrangert i Austevoll.

Men ingen kunne hamla opp med vinnarane.

– Det var utklassing av vinnarlaget frå Milde båtlag, fortel Kristin Teigland Gjerstad Kleppe.

Å seks race vann vinnarbåten Terna fem av dei.

Sjølv hamna båten til Kleppe på ein 13. plass.

– Det var ei fin helg, med veldig flokte forhold, fortel ho.

Men Kleppe var glad for at dei hadde ulla til langt med, for det var ikkje noko sommartemperaturar ute på havet.


– Det regna godt, men me hadde godt med vind i segla, seier Kleppe.

På grunn av at været var så dårleg fredag, vart det ikkje mykje sømn for Kleppe og familien. Dei resto klokka fem laurdag morgon, for å nå starten i Austevoll i tide.

Gjerstad-slektet var godt representerte under stemnet, og stilte til start i fleire båtar.



SAMLA: Rundt 30 personar hadde teke turen, og då sola kikka fram vart dei frammøte forevig med dette biletet. (Foto: Reidun Skartveit)



FIN SONG: Harald Gjøvåg song inne i fjellstova på Skartveit. (Foto: Reidun Skartveit)

PREIKELISTA

20.08 Uggdal kyrkje kl. 11.00
Gudsteneste v/Fridleif
Lydersen
Offer:

27.08 Onarheim kyrkje kl. 11.00
Gudsteneste v/Espedalen
Offer:

BRYLLUP



Vår kjære syster/svigerinne Aina Kaastad og svoger Eirik Sætre giftar seg i Fana kirkje 26. august klokken 14.00. Bryllupsfesten holdes på Bjørnefjorden Gjestetun, og vi gleder oss masse!

Hilsen Mari Mette,
Espen og Hanne.

**Tysnes og
Sunnhordland
Gravferdsbyrå**

Vakttelefon: 53 43 40 30

GRATULERER



4 ÅR
Markus Bjordal Brenne

Verdens beste Markus fyller 4 år 18/8. Gratulerer så mykje med dagen!

**Store klemmer frå Kristian,
Andreas, mamma og pappa**



8 ÅR
Rasmus Hustad

Hipp hurra for vår herlige Rasmus som fyller 8 år den 17. august!
Du er god som gull og me er evig glad i deg.

**Klemmar frå Jenny, Lilly,
mamma og pappa og Nemo!**



8 ÅR
Isak Mathias Holme

Denne glade fotballgutten fylte 8 år torsdag 10. august. Vi takker for flott og koseleg feiring på Holma søndag! **Hilsen kommer fra bestefor-**
**eldre, tanter, onklar, kusiner
og fetre på Tysnes, Stord og
i Bergen.**

70 ÅR
Ase Skorpen - 19.august

Hipp hurra for farmor/bestemor som på lørdag fyller 70 år. Bedre farmor/bestemor kan me ikkje få, du stiller opp for store og små. Du har alltid plass til oss på ditt fang, du leser bøker og lærer oss sang. Du hører på oss med lyttande øyre, alt me fortel har du tid til å høre. Din tolmodighet er eit under og det har gitt oss mange fine stunder. Me maser og spør og får alltid svar, mykje kunnskap frå deg me har. No er me alle spreidd rundt i landet, men alle tenker me akkurat det samme: Me håper du no får ein fantastisk dag, så samlast me alle neste år til «felles-dag». Me er kjempeglad i deg.

**Klem fra alle barnebarna
m/foreldre**



80 ÅR
Olav Hjertager

Min mann, Olav Hjertager, fyller 80 år 22. august.
Jeg gratulerer deg hjertelig med dagen.
Jeg er masse glad i deg!

Beste hilsen Torbjørg



**DIAMANTBRYLLAUP
17.8.-2017**

Grethe og Gunnar Anfinsen
Kjære syster og svoger!
Vi sender vår hyllest på
denne store dag! Tenk, 60
år har de fått oppleve i lag.
Vitek med humør og pyntar
oss til festen – så veit vi at
de vil syta for resten.
Gratulerer x 3!

Guvnor - Tulla - Turid



SØNDAGSORDET



Vil du..?

MATT. 23. 37-39.
ANNBJØRG HELLAND
SÆVAREID

Det blir fortalt om ein stor brann som gjekk over prærien for lenge sidan.

Folk og dyr kom seg unna dei veldige flammane, men ei høne var mest opptatt av å samle kyllingane sine for å redde dei. Då det ikkje var nokon veg utanom breidde ho vengene sine over kyllingane og la seg ned for å verne dei.

Då brannen var slukt og opprydningsarbeidet var i gang fann dei ei forbrent og død høne mens alle kyllingane trippa fram under vengene hennar lys levande. Hønemora gav livet sitt for sine.

I Matt. 23.37. talar Jesus til folket i Jerusalem der han mellom anna seier: «Kor ofte eg ville samla borna dine som ei høne samlar kyllingane sine under vengene. Men de ville ikkje». Det er som ein kan høyra den såre tonen når Jesus seier dette. «Men de ville ikkje...»

Jesus gav livet sitt for alle, utan unntak. Ingen har større kjærelig enn den som gir livet sitt for venene sine, sa Jesus ein annan gong. Det var det han gjorde, han gav livet sitt for oss for å berga oss frå evig ulykke. Me er ikkje i stand til å redde oss sjøl, derfor er det meiningslaust å takke nei til den redninga som allereie er ordna for oss. Jesus ville samle folket i Jerusalem, men ikkje berre dei, han vil ha alle under sine venger, og alle var medrekna då han gav livet sitt på krossen, - du og. Vil du..?

Det er godt å kjenna Jesus! Når det stormar rundt meg her legg han armen trygt omkring meg.

Alltid er han like nær. Sjølv når lampa mi vil slokna og eg ikkje ser hans veg, kan eg lita på hans leiring. Han går aldri bort frå meg.

Det er godt å kjenna Jesus. Har du møtt han også du? Han er sanninga og livet, sjølv vegn inn til Gud. Når du opnar opp for Jesus kan du trygt få kvila i at di syndeskuld er sona. Blodet hans har sett deg fri.